




Utval:	<b>Planutvalet</b>
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgssenter
Dato:	12.03.2015
Tid:	14:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

### SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 15/7	Referatsaker	
PS 15/8	Godkjenning av planprogram - Reguleringsplan - E39 Ålesund - Molde, parsell Vik - Julbøen.	2014/388

Midsund, 06. mars 2015

  
Einar Øien  
Ordfører

  
Astrid Abelseth  
Utvalsesekretær





Utval:	<b>Planutvalet</b>
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgssenter
Dato:	02.03.2015
Tid:	12:00

**Faste medlemmar som møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Einar Øien	LEDER	FRP
Odd Helge Gangstad	MEDL	SP
Oddny Lisbeth Midtbø Rød	MEDL	FRP
Bjørn Wang	MEDL	V

**Faste medlemmar som ikkje møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Robin Mikal Sørлие	NESTL	H

**Varamedlemmar som møtte:**

Namn	Vara for:	Parti
Audun Hånes	Robin Mikal Sørлие	H

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Ketil Ugelvik	Rådmann
Inge Rakvåg	Teknisk sjef

**Underskrift:**

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Einar Øien

Odd Helge Gangstad

Oddny Lisbeth Midtbø Rød

Bjørn Wang

Audun Hånes

## SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 15/5	Referatsaker	
PS 15/6	Arbeidsmøte - kommuneplanens arealdel 2.3.2015	2013/562

Den 2. mars 2015 vart det halde møte i Planutvalet i møterommet på Midsund omsorgssenter.

Møtet vart leia av ordførar Einar Øien.

Robin Mikal Sørli (H) hadde meldt forfall. Audun Hånes (H) møtte som vara.

Møtet tok til kl 12.00.

5 voterande.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakslista vart samrøystes godkjent.

Teknisk sjef la fram eit brev til Ola Misund ang. Istandsetting av terreng etter gravearbeid – graving langs eigedomen Lunheim. Planutvalet kom fram til at sidan fristen er ute, ordnar kommunen opp og sender rekninga til Ola Misund.

### **PS 15/5 Referatsaker**

#### **Samrøystes vedtak i Planutvalet - 02.03.2015**

Protokoll frå møte i Planutvalet 02.02.2015 vart godkjent.

### **PS 15/6 Arbeidsmøte - kommuneplanens arealdel 2.3.2015**

#### **Forslag til vedtak:**

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

#### **Samrøystes vedtak i Planutvalet - 02.03.2015**

Administrasjonen tek med innspel frå drøftingane vidare i arbeidet med kommuneplanens arealdel.

**Møtet vart heva kl. 18.00.**



## Saksframlegg

### Godkjenning av planprogram \_ Reguleringsplan \_ E39 Ålesund - Molde, parsell Vik - Julbøen.

Utvalsak	Utval	Møtedato
15/8	Planutvalet	12.03.2015
	Kommunestyret	

#### Forslag til vedtak:

1. Midsund kommunestyre godkjenner med heimel i plan- og bygningslova § 4-1 planprogrammet for detaljregulering «Reguleringsplan \_ E39 Ålesund - Molde, parsell Vik – Julbøen» datert 03.03.2015 slik den ligg føre.
  - Det er sær s viktig for Midsund kommune at det tidleg blir utført ein trafikktryggingsinspeksjon/risikovurdering av Fv. 202 Heggdal, på Nord Heggdal er det blant anna ei smal bru med 8 t akseltrykk, slik at nødvendige avbøtande tiltak er utført før anleggsstart dersom all trafikk skal gå på Fv. 202 i ein periode.

#### Saksutgreiing:

Søkjar: Statens vegvesen

Bakgrunn: Med bakgrunn i vedteke kommunedelplan E39 Vestnes-Molde Møreaksen, har statens vegvesen varsla igangsetting av arbeid med detaljregulering for same trase. I denne samanheng er det utarbeida planprogram som har vore til offentleg ettersyn.

Det er planmyndigheit, kommunen, som skal godkjenne planprogrammet og seinare kontrollere at den blir fylgt.

Statens vegvesen har derfor sendt over korrigert planprogram saman med vurdering av merknadar som er motteke, til kommunen for behandling.

#### Saksgjennomgang:

«I planprogrammet skal det gjennomgåast formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegget for medverking,

spesialet i forhold til grupper som vil å bli særleg aktuelle, kva for alternativ som vil bli vurdert, samt behov for utredningar», PBL. §4-1.

Det er mottatt merknadar frå følgjande til offentleg ettersyn av planprogrammet:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Statens vegvesen, Region Midt, vegavdelinga  
NVE, region vest  
Fiskeridirektoratet, Region Møre og Romsdal  
Direktoratet for mineralforvaltning  
Avinor AS  
Syklistenes Landsforening for Forum for natur og friluftsliv i Møre og Romsdal  
Vestnes kommune  
Vestnes ungdomsråd  
Odd Jarle Talberg, Vestnes  
Knut Hellen, Vestnes  
Lisbeth Øverås og Alf Domaas, gnr. 48 bnr. 33 i Vestnes  
Bjørnar Bendiksen, beboar ved fv. 661 i Vestnes  
Odd Helland, Vestnes  
Andreas Jørn Neraas, Vestnes  
Midsund kommune  
Nord Heggdal vassverk, Midsund  
Nord Heggdal vel, Midsund  
Reidar Heggdal, Midsund  
Bjørnar Opstad, Midsund  
Stian Sanden Hagset, Midsund  
Molde kommune.

Statens vegvesen/Midsund kommune hadde orientering til kommunestyret og folkemøte om E39 Romsdalsfjorden på Midsund skule den 13.11.2014.

Statens vegvesen har laga oversikt over innhaldet i merknadane med kommentarar og evt. endringar i planprogrammet.

Frå Midsund har det komme 6 merknadar.

#### Midsund kommune:

Midsund kommune har i planprosessen fokusert på:

- Bussrutene mellom Vik og Nautneset må vere tilrettelagt for å frakte gåande og syklende igjennom tunellen.  
Samt få tilrettelagt for moglegheit å komme seg vidare med sykkel på Otrøya.  
Å legge sykkelvegen inn i Nasjonal sykkelrute for ytre er ei spanande og framtidsretta løysing.
- Få til ei løysing for gåande og saktegåande kjøretøy (moped og traktor) over brua.
- Få til eit godt knutepunkt for bussar, samt stor nok parkeringsplass for bilar på Nautneset, både for pendlarar, reisande og turistar.
- Få minst mogleg «nedetid» for trafikken forbi anleggsområdet på Nautneset i

byggjetida.

- Få ein trafikktryggingsinspeksjon/risikovurdering av Fv. 202 Heggdal, på NØrd

Heggdal er det ei smal bru med 8 t akseltrykk, slik at nødvendige avbøtande tiltak er utført før anleggsstart dersom all trafikk skal gå på Fv. 202 i ein periode.

#### Massedeponi:

På Nautneset kjem halvparten av tunellmassen ut ca. 1.500.000 m<sup>3</sup>. Kommunane er oppmoda til å avklare mogelege massedeponiprosjekter. Planområdet slik det er vist i dag ved planoppstart, gjev det avgrensa mogelegheit for slike områder.

Rådmannen fortset derfor at når ein i prosessen har konkretisert behovet for deponi, må det setjast i gang nødvendige utrednings- og reguleringsarbeid for aktuelle områder.

#### **Vurdering:**

Rådmannen konstaterer at alle punkta som er spela inn frå kommunen er komme med i punkt 4 og 5 i planprogrammet, samt vedlegget som omhandlar endringane i planprogrammet.

Merknadane frå dei 5 andre frå Midsund er innarbeida i revidert planprogram.

#### **Oppsummering.**

Rådmannen har ikkje kommentarar til planprogrammet ut over dette. Frå kommunen sin side er det ikkje kravd ny konsekvensutredning i forhold til utredningane i kommunedelplana for Møreaksen.

Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner planprogramet.

#### **Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Ingen

Ketil Ugelvik  
Rådmann

Inge Rakvåg  
Teknisk sjef

#### **Vedlegg (prenta):**

**Vedlegg (uprenta):** Mappe

**Særutskrift går til:** Statens vegvesen, region midt, fylkeshuset  
Møreaksen  
Merknadsinnsendarar frå Midsund